



Eirik Grindheim
Hålandsvegen 10
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/195 - 14/5087

Saksbehandlar:
Helge Vallestad
helge.vallestad@radoy.kommune.no

Dato:
13.05.2014

Gjeld søknad om å få fortsetja å gå på Manger barneskule

Viser til søknad datert 08.05.14 om at Signe Sofie Grindheim, f. 06.06.2007, får halda fram på Manger skule, sjølv om ho har flytta og soleis no soknar til Hordabø skule.

Radøy kommune har tidlegare innvilga tilsvarande søknader så lenge ikkje særlege omsyn tilsa noko anna, og så lenge det å innvilga føresette sine ønskje ikkje påfører kommunen ekstra kostnader.

Kommunestyret har i sak 08/2013 delegert avgjerdsretten i slike saker (Opplæringslova §8.1) til rådmannen.

Rådmannen gjer med dette følgjande enkeltvedtak:

Søknaden frå Eirik Grindheim om at Signe Sofie Grindheim, f. 06.06.2007, får halda fram på Manger skule, vert innvilga. Det er ein føresetnad for innvilginga at føresette dekker eventuelle ekstra skysskostnader.

Ankerett:

Enkeltvedtak om skulebytte kan påklagast til Statens utdanningskontor (Opplæringslova, §15.2). Eventuell klage må sendast Radøy kommune v/ rådgjevar Helge Vallestad innan tre veker frå de får dette vedtaket. (Fristen er i samsvar med Forvaltningslova. § 29)

Med helsing

Helge Vallestad
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kopi til:

Jill Kristin Grindheim Bø
Silje Vikøren Palmesen

Mottakere:

Eirik Grindheim

Hålandsvegen 10 5936

MANGER